



I Husnes og Holmedal og Uskedalen kyrkjelyder kan no alle 11-åringar (dei som fyller 11 i løpet av 2012) være med og gjere eit djupdykk i Bibelen. I vinter har denne aldersgruppa i kyrkjelydane våre blitt inviterte til kyrkja og fått utdelt ei bibelbok. No har vi sendt ut invitasjon til dei same til å delta på eit heilt nytt opplegg rundt velkjente og mindre kjente bibelforteljingar, slik at dei kan verte meir kjende med boka dei fekk i kyrkja.

Opplegget er ein del av den pågåande trusopplæringsreforma i Den norske kyrkja, og målet er å vekke leseglede, nysgjerrighet og undring over det mangfaldige innhaldet i Bibelen, gjennom filimar, aktivitetar, leikar, andaktar, song og dans.

Hos oss skjer dette i løpet av fire innhaldsrike samlingar i mars i Valen kyrkje, felles for begge sokna (det vert ordna med skyss frå Uskedalen).

I opplegget vil deltakarane møte Benjamin, ein ung gut som søker seg jobb som sekretær hos Jesus sine læresveinar, og vi møter han i filmane og i reisebrev kor han fortel historier frå nettopp Bibelen.

Alle 11-åringane i sokna er velkomne, også om dei ikkje hadde høve til å komme og få bibelboka i kyrkja.  
Opplegget tek til fyrste gong på mandag 5. mars – og om nokon enno ikkje har fått meldt seg på, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret.

Kristian Due  
prest